

– Det var for godt til å vere sant

Overskrifta i avisa var at ordføraren fyl folkeviljen. Innbyggjarane pusta letta ut, men det var for tidleg. Halvvegs ned i forslaget til vedtaket, kjem ei bøn frå ordføraren til Fylkesmannen, eller Stortinget til at Hareid skal slåast saman med Ulstein.

Med andre ord: ordføraren seier i første punktet at vi skal følgje folkeviljen, og så overlet han Fylkesmannen å overstyre folkeviljen og slå saman kommunane.

*Kva var vitsen med folkerøysting dersom vi ikkje skal følgje rådet til innbyggjarane og sende dette rådet vidare til Fylkesmannen?*

Kommunestyret fører folk bak lyset ved å leggje Hareid si skjebne i hendene på Fylkesmannen. Han har jo allereie varsla at han kjem til å føreslå kommunesamanslåing. Ordførar Anders Riise sitt forslag er ikkje anna enn eit spel for galleriet. Han går ut og lovar folk truskap til folkeviljen, og i neste setning vender han tommelen opp til Fylkesmannen for samanslåing.

*Eg vil oppmode alle som kjenner ein politiskar i Hareid om å stille dei følgjande spørsmål: – Kjem du til å følgje folkeviljen, eller ikkje?*